

Årsmelding Samhandlingsavdelinga 2016

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
Sak 2017/19	Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal	18.mai 2017

Saksbehandlar: Britt Valderhaug Tyrholm
Arkivreferanse: 2017/2361

Forslag til vedtak:

Overordna samhandlingsutval sluttar seg til innhaldet i Årsmelding for 2016 og vedlagte statusrapportar frå dei ulike seksjonane/einingane.

Anders Riise
leiar

- Vedlegg 1. Lærings- og meistringssenteret årsmelding 2016
- Vedlegg 2. Årsplan regional ressurs – Læring og mestring
- Vedlegg 3. Årsmelding 2016 Informasjonstjenesten Velg behandlingssted i Helse Midt-Norge
- Vedlegg 4. Årsmelding 2016 – Pasientreiser
- Vedlegg 5. Status for innføring av palliativ plan Møre og Romsdal

Saksutgreiing:

Innleiing

I løpet av 2016 har det blitt gjennomført ein organisasjonsutviklingsprosess (OU) i Helse Møre og Romsdal HF. Føremålet har vore å utvikle helseføretaket til å kunne innfri forventingane om ei best mogeleg spesialisthelseteneste i eit 2030-perspektiv.

Med bakgrunn i OU-arbeidet er Samhandlingsavdelinga no organisert under fagavdelinga. Fagavdelinga er inndelt i fire seksjonar; seksjon for tenesteutvikling, seksjon for samhandling, seksjon for forskning, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling og seksjon for klinisk IKT.

Seksjon for samhandling omfattar læring- og mestring, koordinerande eining, seksjon for fritt sjukehusval og praksiskonsulentordninga. Pasientreiser som var ein del av samhandlingsavdelinga fram mot OU-arbeidet, inngår frå 2016 i klinikk for akuttmedisin.

Seksjon for samhandling skal arbeide for god intern samhandling i helseføretaket og ut mot kommunane i Møre og Romsdal og andre samarbeidspartar. Vedlagte årsrapporter frå dei ulike einingane gir eit innblikk i dei ulike aktivitetane i avdelinga for 2016. Nedanfor følgjer eit generelt samandrag over kva som har vore fokus i 2016.

Samandrag:

Samhandlingsavtalen

Lovpålagte samarbeidsavtalar mellom kommunar og føretak har som formål å konkretisere oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom kommunen og helseføretaket og bidra til at pasientar og brukarar mottar eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstenester.

Samhandlingsavtalen mellom kommunane i Møre og Romsdal og Helse Møre og Romsdal HF vart sist revidert i 2015. På grunn av ei tvistesak knytt til delavtale 5a, vart ikkje denne delavtalen godkjent og vedteken av partane før våren 2016.

Med mål om å utvikle Samhandlingsavtalen som rammeverk for samarbeidet mellom kommunane og helseføretaket i fylket, vart det i møte 22. november 2016 i OSU lagt fram sak om å starte ein evalueringsprosess for Samhandlingsavtalen (Sak 2017/06). Nyoppretta arbeidsutval for å førebu saker for OSU (Sak 2016/24) har fått i mandat å utarbeide forslag til ein evalueringsprosess av avtaleverket (Sak 2017/06). Sak vert lagt fram for OSU i møte 18. mai 2017.

I 2016 vart det initiert eit arbeid knytt til delavtale 4 *Samarbeid om døgntilbud for øyeblikkelig hjelp*. Bakgrunn var politiske føringar om å sikre at også pasientar med rus og/eller psykiske lidningar får tilbod om akutt døgntilbud i kommunane og ikkje berre isolere tiltaket til somatikk. Det vart lagt fram sak i Overordna samhandlingsutval (OSU) i møte 13. september og 22. november 2016 (sak 2016/36). Det vart nedsett ei arbeidsgruppe for å utarbeide forslag til endring i avtalen. Sak vert lagt fram for Overordna samhandlingsutval i møte 18. mai 2017.

Samhandlingsstrategi

Overordna samhandlingsutval vedtok i møte 15 januar 2014, at det skulle utarbeidast ein samhandlingsstrategi for Møre og Romsdal med formål om identifisere samhandlingsområde som hadde behov for eit særskilt fokus i det langsiktige planarbeidet. Arbeidet førte til at følgjande områder vart identifiserte; Fagområde for barn og unge, kronikarforløp somatikk, rehabilitering, rus og psykisk helse. I tillegg såg ein behov for å rette merksemd mot det førebyggjande perspektivet.

Endeleg framstilling vert presentert for Overordna samhandlingsutval i møte 9.februar 2016. For å understøtte visjonen om samhandling for å utvikle pasientens helsevesen i Møre og Romsdal kom ein fram til eit hovudmål for strategiperioden 2016-2018; «Forbetre heilskapen i behandlingsforløp og avklare ansvarsforhold mellom nivå». Arbeidet knytt til dei prioriterte fagområde skildrar 3 av totalt 14 utviklingsområder i samhandlingsstrategien.

For å sikre gjennomføring og at arbeidet lever opp til formålet, skal det utarbeidast handlingsplanar for kvart innsatsområde som beskriv bakgrunn, behov og kva ein konkret ønskjer å oppnå av resultat. Vidare korleis arbeidet skal organiserast, ansvarsfordeling og når dei ulike aktivitetane/prosjekta skal gjennomførast. Rapportering og evaluering av arbeidet er ein føresetnad for å vurdere mål og effekt av tiltak, og skal inngå som ein del av samhandlingsstrategien.

Status Samhandlingsstrategi 2016-2018

Fagområdet kronikarforløp somatikk endra til *Pasientforløp for den eldre multisjuka pasient.*

Formål: Utvikle eit heilskapleg pasientforløp, som også beskriv overgangane mellom kommunen og spesialisthelsetenesta slik at pasientar erfarer god kvalitet og samhandling i tenestene. Handlingsplanen for iverksetting av pasientforløpet for den eldre multisjuka pasient vart godkjent i møte 24. mai 2016 i Overordna samhandlingsutval.

Etter to års førebuingar er arbeidet med å iverksette «Framtidsretta pasientforløp for den eldre multisjuka pasient» starta. Det blei gjennomført fire oppstartssamlingar for pasientforløpet i tilknytning til kvart av sjukehusområda i mars/april i år med god og fagleg brei deltaking frå helseføretaket og kommunane. Det er særskilde gode tilbakemeldingar på at dette er ei viktig og naudsynt satsing overfor ei stor og veksande pasientgruppe.

Metoden for det vidare arbeid er læringsnettverk. Sentralt i arbeidet er at nivåa saman med brukaren identifiserer forbetningsområder i pasientforløp med utgangspunkt i kva som er viktig for den einkilde. Ikkje for å sleppe alle ressursar fri, men for å vere sikker på at dei iverksette tiltaka samsvarar med pasienten sine ynskjer og behov.

Tiltak som blir iverksatt innan prioriterte forbetningsområder skal bli etterprøvde med målingar for å få kunnskap om at tiltaka har ønska effekt og at tenestene leverar i samsvar med det ein har blitt enig om. Sikring av videreføring og spreining av ny

praksis i helsetenestene er læringsnettverket si største og viktigaste arbeidsoppgåve. Det blir arbeidd med å rekruttere til læringsnettverka. Det skal vere eit læringsnettverk i tilslutning til kvart sjukehus og kommunane i sjukehuset sitt opptaksområdet. Desse læringsnettverka utgjer eit felles læringsnettverk i Møre og Romsdal og vil bli ein del av det nasjonale læringsnettverket. Sjå også sak 2017/20.

Fagområdet rus og psykisk helse

Formål: Tiltaka er retta inn mot å svare på eit behov for meir kunnskap om kvarandre sine behandlingstilbod, sikre gode overgangar i og mellom primær- og spesialisthelsetenesta og likeverdige tenester. Handlingsplanen vart godkjent i møte i Overordna samhandlingsutval 13. september 2016.

Status: Som del av implementeringsarbeidet vart dei lokale samhandlingsutvala orientert om strategien hausten 2016. Fagområdet rus og psykisk helse var også eit tema på Samhandlingskonferansen 2016. Arbeidet koordinerast av ei tverrgående arbeidsgruppe og vidare arbeid i 2017 rettast inn mot konkretisering av tiltaka og gjennomføring. Som ledd av utviklingsplanarbeidet for Helse Møre og Romsdal HF vart fagområdet prioritert som eit utviklingsområde føretaket og kommunane skal satse på i fellesskap. Utarbeida strategi og handlingsplan dannar eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet med utviklingsplanen.

Samarbeid om heilskaplege pasientforløp for barn og unge i Møre og Romsdal

Formål: Sikre at ansvar og oppgåver knytt til barn og unge vert fulgt opp og praktisert i tråd med overordna føringar.

Status: Klinisk samhandlingsutval barn og unge har fått i mandat å identifisere kva for tiltak og korleis koordinere desse for barn og unge som har omfattande behov for oppfølging. Vidare prioritere kva for pasientforløp ein bør planlegge i fellesskap for å sikre oppfølging av barnet/ungdommen. Handlingsplan for området er under utarbeiding og fagområdet barn og unge vart også vedtatt av styringsgruppa for utviklingsplanarbeidet som eit av innsatsområda i eit samhandlingsperspektiv. Dette vil vere eit prioritert område for vidare arbeid i 2017.

Digital samhandling

Formål: Bete samhandling og bidra til samanhengande forløp i helsetenesta gjennom elektronisk samarbeid.

Status: Handlingsplan vart godkjent av Overordna samhandlingsutval i møte 22. november 2016. Fagråd digital samhandling har fått i mandat å koordinere gjennomføring av tiltak i fylket og vere pådrivar for å sikre at rutinar vert fulgt i tråd med gjeldande føringar og kvalitet i meldingsutvekslinga. Viktige satsingsområder for 2017 er breidding av meldingsutveksling til fleire faggrupper.

Som del av arbeidet med å operasjonalisere Samhandlingsstrategien pågår det elles arbeid innan fleire andre innsatsområder. For innsatsområdet Palliativ plan i Møre og Romsdal, sjå vedlagt statusrapport. Handlingsplan for områda Koordinerande einingar, individuell plan og koordinator og for samarbeid om krise- og katastrofeberedskap og den akuttmedisinske kjede, vert lagt fram for godkjenning i dagens møte (Sak 2017/13 og Sak 2017/15).

Meir informasjon om strategi og handlingsplanar kan lesast [her](#).

Prioriteringar for 2017

For nå nå mål om gode og framtidretta helsetenester og god bruk av ressursar, har Helse Møre og Romsdal HF fått i oppdrag å utarbeide utviklingsplan for perioden 2019-2022. Føremålet er å utvikle framtidretta pasientbehandling og god bruk av ressursar.

For å sikre heilskap og gjensidige planprosessar skal arbeidet skje i nær dialog med kommunane. Helseføretaket har i sitt utviklingsplanarbeid initiert til tett samarbeid med kommunane og for 2017 vert det arrangert tre dialogmøter som ledd av utviklingsplanarbeidet.

Helse Møre og Romsdal har delt arbeidet med utviklingsplanen inn i tre perspektiv: samhandlingsperspektivet, føretaksperspektivet og klinikkperspektivet. I dialogmøte 7. april 2017 vart viktige utviklingsområder prioritert som ei felles satsing mellom helseføretaket og kommunane. Styringsgruppemøte 2. mai vedtok følgjande utviklingsområde i samhandlingsperspektivet;

- Barn og unge
- Prioritere psykisk helse og rusbehandling
- Nok helsepersonell med rett kompetanse
- Styrking av akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus

Arbeidet i samhandlingsperspektivet vert vidare organisert i partssamansette arbeidsgrupper med representasjon frå føretaket og kommunane, brukarar og tillitsvalde. Utgreiingane vert gjorde etter modell frå rettleiaren for utviklingsplanar. Nokre av tema er samanfallande med allereie pågåande arbeid, og det er såleis naturleg å bygge vidare på dette sett i lys av utviklingsplanarbeidet.

Meir informasjon om utviklingsplanarbeidet finn de [her](#).

Eit prioritert område for Seksjon for samhandling i 2017 vil vere å understøtte utviklingsplanarbeidet både internt i føretaket og ut mot kommunane. Det er behov for å sikre koordinering og integrasjon mellom samhandlingsstrategien og dei identifiserte utviklingsområda i utviklingsplanarbeidet. Tiltak som omhandlar oppgåve- og ansvarsfordeling på tvers av nivåa må vidare sikrast integrert i neste revisjon av Samhandlingsavtalen.

